

# Årskavalkade 2010 – Januar

- 1.januar: V.I.L.-nett melde om 1661 treff på sida i desember 2009
- 2.januar: Velledalen IL fekk 15736 grasrotkroner i 2009 (1.mars-31. desember). V.I.L, VRF, Velledalskoret og Skulekorpset fekk samla 26454 kroner på 108 registrerte spelarar. Det betyr at samla tippesinnsats for desse 108 var om lag 530 000 kroner.
- Kenneth Fet nummer 4 i klasse G 18 i dobbel jaktstart i Valldal, vart meldt 3. januar
- 10.januar melde vi at Sverre Gunnar Brunstad vann klasse M 40, og vart nummer seks totalt, i eit fjellmaraton med samla stigning på 2000 høgdemeter i Hong Kong. Tid 4.01.14
- 13. januar vart Svein Arne Nakken beste seniorløpar i årets fyrste Strandacuprenn. Svein brukte 28.47, og hadde god margin til sin einaste konkurrent Fridtjof Fredriksen.
- Jan Ringseth brukte januar månad til å finpusse hoppforma i Fjellbakken på Stavsengfjellet, då det nærma seg sesongens høgdepunkt – veteran-VM i Slovenia.
- Midt i januar deltok Hilde R. Tandstad i UM-samling i Sykkylven Storhall, der mellom andre Veslemøy Hausken var mellom instruktørane
- Kenneth Fet vart nummer ni i Vestlandsmeisterskapet i sprint i Stryn. I det klassiske distanserenet tok han ein sterk sjetteplass. Sondre Brunstad Fet, med begge foreldra frå Velledalen, hanka inn ein framifrå tredje plass på sprinten.
- 19. januar tok Kristian Moe (1) og Svein Arne Nakken (2) dobbelsiger i det fyrste rennet i sykkylvscupen i langrenn i Søvikdalen
- 26. januar vart andre rennet i Strandacupen arrangert. Frå V.I.L. seniorgruppe deltok Kristian Moe, Svein Arne Nakken og Andreas Tømmervik
- 27.januar heldt Velledalen IL ekstraordinært årsmøte, med det resultat at hovudstyret vart utvida til sju personar og Atle Hole heldt fram som leiar. Asgeir Rausand og Marit Hole kom inn som nye
- Naudskrik frå herretrimmen: - Kvar er karane mellom 20-40 år i dalen?
- I artikkelen ”går det mot avvikling..?” retta Atle Hole søkelyset på sykkylvsfotballen etter samanslåinga. Den harde kjerne i FKS likte ikkje artikkelen.
- Høgdepunktet på langrennsida kom på månadens siste dag. Kenneth Fet nr 2 i G 18 i KM klassisk sprint i Hyttehola (Sunnylven). Sondre Brunstad Fet KM-vinnar i G 13

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.